


SER DU FUGLANE?

Ta ein kikk ut av dette vindauge. Kan hende ser du fuglar ute i havet, i fjøresteinane eller på stranda?




Land, strand og stort hav. Ulike naturmiljø som trekker til seg forskjellige fuglar. www.rikshavn.no



Storskarv flyg gjerne i flokk i horisonten, på veg frå ein borteplass til ein annan eller i hausttrekket.

Horisonten

Langt dere ute i horisonten trekk det fuglar mest heile tida. Nokre kan du få auge på fordi dei er store og svarte. Det er anten storskarv eller toppskarv.



Isloer er ein arktisk hekkfugl som overvintrer utanfor Nørskokysten. Han held seg gjerne et stykke frå land.

Havet

På det store, åpne havet er det spesialistane som dominerer. Det er dykkarar, lommar, skarv og alkefuglar som er eminente djupvassdykkarar. Ein av dem, islommen, kan forfølge og fange eit bytte ned til 70 meter.



Når reinisloane på Jæren frys til om vinteren, flyttar mange stokkendrer ut til dei grunne, steinleie sjøområda langs Jærstrendene.

Fjøresteinane

Stokkendene og andre grasender kan ikkje dykke under vatn. Dei finn maten sin i dei øvre vasslag. Den stille sjøen mellom rullesteinane er viktig beitemark for stokkendene.



Fjøreplytt er ein kortbeint, lubben vadser som bur på Svalbard om sommaren og reiser til Jæren om vinteren.

Stranda

På strandflata, mellom småstein, grus og ilanddrivne tare, er det alltid mat å finne for fuglane. Einskilde, som denne fjøreplytten, livberger seg vinteren gjennom langs Jærstrendene.

Visste du at...

... alkefuglar som lomvi, teist og lunde kan dykke heilt ned til 200 meter?

... den hardføre fjøreplytten er den vanlegaste vadefuglen på Svalbard?

...toppskarv er i sterk vekst i ytre skjærgard i Rogaland?

Hekkebestanden har auka frå 700 til omlag 4000 hekkande par dei siste 20 åra.

